

Sunnfjord kommune

► Utgreiing av skuleanlegg

Ny lokalisering Førde ungdomsskule

2022-09-02

Oppdragsnr.: 52204289 Dokumentnr.: 1 Versjon: 2 Dato:



Utgreiing av skuleanlegg

Ny lokalisering Førde ungdomsskule

Oppdragsnr.: 52204289 Dokumentnr.: 1 Versjon: 2

Oppdragsgjevar: Sunnfjord kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Åge Stafsnes
Rådgjevar Norconsult AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen
Oppdragsleiar: Espen Storstrand
Fagansvarleg: Harald Høgh
Andre nøkkelpersonar: Olav Ytre-Arne

2	2022-09-02	Utgriing Førde ungdomsskule - endeleg rapport.	Harald Høgh Olav Ytre-Arne	Espen Storstrand	Espen Storstrand
1	2022-08-26	Utgriing Førde ungdomsskule	Harald Høgh	Espen Storstrand	
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Innhald

1	Innleiing	4
2	Kort om Førde ungdomsskule	5
3	Areal- og funksjonsanalyse skuleanlegg Hafstadvegen 49	6
3.1	Bygg A	7
3.2	Bygg D	8
3.3	Bygg B	9
3.4	Bygg C	9
3.5	Uteområdet	10
3.6	Oppsummering av arealgjennomgang	11
4	Forslag til organisering som ungdomsskule	14
4.1	Forslag til arealprogram	14
4.2	Førande prinsipp for skuleanlegg	15
5	Alternative tiltak for skuleanlegget Hafstad vgs.	17
5.1	Alternativ 1 – Minimale tiltak.	17
5.2	Alternativ 2 - større bygningsmessige grep	20
5.3	Skulen sitt uteområde	23
5.4	Berekning av kostnadar skulebygg	27
5.5	Oppsummering	31

1 Innleiing

I samband med Sunnfjord kommune sitt arbeid med plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune, har kommunen vedteke å utgreie flytting av Førde ungdomsskule til Hafstad vidaregåande skule. Kommunen har bede Norconsult om å stå for utgreiingsarbeidet.

Sunnfjord kommune har kjøpt Hafstad vidaregåande skule med tanke på å ta bygget i bruk som ungdomsskule. Kommunen vil overta bygget i 2024. Denne rapporten frå Norconsult er meint å gje svar på kva tiltak som er naudsynt å gjennomføre ved Havstad vgs. for at anlegget kan fungere som ungdomsskule i åra som kjem. Det er utarbeidd to alternative moglegheiter som begge er kostnadsberekna på eit overordna nivå.

I rapportens kapittel 2 og 3 er kartlegginga av dagens skuleanlegg presentert med tekst, bilete og enkle illustrasjonar av funksjonanes organisering. Avslutningsvis i denne delen av rapporten vert det presentert ein oppsummering av rom og arealbruk i dagens skuleanlegg.

Det påfølgande kapittel 4 er vigde dei førande prinsippa som gjeld for nye skuleanlegg i Sunnfjord kommune. Kapitlet omtalar også behovet for spesialrom og eit tentativt arealprogram for den nye skulen.

I kapittel 5 vert det presentert to alternative løysingar for Hafstad vgs. I alternativ 1 vert det foreslått minimalt med endringar av eksisterande bygg, medan det i alternativ 2 vert tilrådd meir omfattande endringar i bygget for å gjere det meir funksjonelt enn det ein klarar med alternativ 1.

Uteområde vert handsama likt i begge alternativa.

Avslutningsvis i kapitlet presenterast kostnadsberekningane av dei to alternativa, og dei føresetnadane som gjeld for berekningane.

2 Kort om Førde ungdomsskule

Førde ungdomsskule har i dag adresse Kyrkjevegen 30 A. Skuleanlegget ligg like ved Førde stadion og Førdehuset. Gangavstand mellom ungdomsskulen og Hafstad vidaregåande skule er om lag 650 meter og markert med raud line i Figur 1.



Figur 1: Eksisterande lokalisering Førde ungdomsskule og Hafstad vidaregåande skule.

Skuleåret 2021/22 var det samla elevtalet på 303. Desse elevane var fordelt med 97 på 8. årssteg, 110 på 9. årssteg og 96 på 10. årssteg. Tala er hente frå GSI-rapporteringa gjort hausten 2021.

Sunnfjord kommune ynskjer å få kartlagt kva tiltak som er naudsynt for at skuleanlegget til Hafstad vidaregåande skulen kan nyttas som ungdomsskule for 480 elevar fordelt på 16 klassar – tilsvarande ein 5-parallell skule men kor eitt årssteg er 6 klassar.

Ein skule av denne storleiken vil ha trong for om lag 40 lærarar, 3 personar knytt til leiinga og 1 person knytt til merkantil. I tillegg kjem personar knytt til helsetenesta, drift- og reinhald og eventuelle fag-/miljøarbeidarar. Dette gjev eit samla tal på tilsette på rundt 55.


I tabell 1 er eit berekna tal på tilsette satt opp.

Oversikt tilsette	Tal tilsette
Rektor	1
Ass. rektor/avd.leiar	2
Merkantil, sekretær	1
Lærarar	40
Rådgjevarar	2
Helsesjukepleier	1
Fagarbeiar/miljøarbeidar	4
Driftsleiar	1
Reinhaldarar	3
SUM:	55

Tabell 1 Dimensjonerande tal tilsette

3 Areal- og funksjonsanalyse skuleanlegg Hafstadvegen 49

Skuleanlegget i Hafstadvegen 49 i Førde er lokasjonen der Hafstad vidaregåande skule i dag held til. Det nyopprusta (bygg C) og utvida skuleanlegget (bygg A og bygg B) stod ferdig og vart tatt i bruk av fylkeskommunen til skuleåret 1999. Sunnfjord kommune har kjøpt skuleanlegget og vil overta bygget i 2024. Fotavtrykket til skulebygget er på om lag 3800 m².



Figur 2: Situasjonskart for skuleanlegget Hafstadvegen 49

Skulen disponerer areal på dei to tomtane med g.nr/b.nr 61/39 og g.nr/b.nr 61/378. Tomtane er i matrikkelen oppført med areal på høvesvis 9776 m² og 10102 m². Norconsult har nytta måleverktøy på norgeskart.no for å grovt anslå arealet som er markert med raud stipla line i Figur 2 til om lag 14 mål. I dette arealet inngår skulens parkeringsplass øst på tomten med om lag 2150 m², men ikkje skulens tilkomst for varelevering som er på tomtens vestlege side. Aust for tomte er det start arbeid med å etablere ny køyretilkomst, kor denne nye innkørselen til tomten kjem er markert i situasjonskartet som eit skravert felt.

Utandørs opphaldsareal for elevane er opparbeid med sandvolleyballbanar og grasplen.

Skulebygget kan grovt sett delast i fire bygg – bygg A, B, C og D. Under følgjer ein kort gjennomgang av rom og funksjonar i dei ulike bygga.

3.1 Bygg A

I første etasje av bygg A er skulens foajé, kantine, kantinekjøken og utsal. I kantina er det plass til om lag 180 personar og kan nyttast som samlingsareal til sosiale og faglege arrangement. Kantinekjøkenet med utsal og varemottak har eit areal på 40 m². Foajeen som knytt saman bygg A og bygg D har eit areal på 250 m².



Bilete 1 Frå venstre kantineutsal, foajé, foajé.

I andre etasje av bygg A er det funksjonar for skuleadministrasjonen og leiinga. Etasjen inneheld ti kontor, eit print-/kopirom, møterom og ekspedisjon. Kontora er i størrelse 11 til 23 m², møterommet 19 m² og ekspedisjonen 15 m².



Bilete 2 Frå venstre: kontor, møterom og forkontor

3.2 Bygg D

I første etasje av bygg D er det kontor og verkstad for driftsavdelinga, IKT-tenesta, skulens auditorium med ca. 70 plassar, 5 teorirom, 4 grupperom og 2 realfagsrom (85 m²) med førebuings rom. Det er også elevtoalett i denne etasjen. Fire av teoriromma er 75 m², eitt er 96 m² og dei fire grupperomma er 12, 12, 18 og 26 m².



Bilete 3 Frå venstre: auditorium, driftsverkstad og teorirom.

Byggets andre etasje inneheld personalrom (150 m²), elev- og helsetenesta, auditorium (41 m²), opne grupperomsonar, fem teorirom og to realfagsrom med eit felles førebuingsrom. Det er også elevtoalett i denne etasjen. Teoriromma er som i første etasje 75 m² og 96 m².



Bilete 4 Frå venstre: personalrom, teorirom og realfagsrom.

3.3 Bygg B

Første etasje av bygg B huser skolens bibliotek. Biblioteket disponerer fem rom med eit samla areal på om lag 265 m². Mellom bygg B og bygg C er det ei foajé på 334 m².



Bilete 5 Frå venstre: bibliotek 1, bibliotek 2 og foajé mellom bygg C og D.

I andre etasje av bygg B er det personalfunksjonar som ti lærarkontor, to møterom, kopirom og to pauseareal. Lærarkontora er alle 24 m², møteromma er begge 17 m² og kopirommet er 16 m². Samle areal til pauseareal er 78 m². Tredje etasje inneheld lagar og eit teorirom på 55 m².



Bilete 6 Frå venstre: pauseareal, lærarkontor og teorirom 3. etasje.

3.4 Bygg C

Første etasje av bygg C inneheld fem teorirom, fire grupperom og reinhaldssentral. Klasseromma er frå 48 m² til 106 m², medan grupperomma er frå 6 m² til 18 m².

I andre etasje er det seks teorirom, fire grupperom og boklager. Teoriromma er mellom 63 m² og 75 m², medan grupperomma er mellom 6 m² og 14 m².



Bilete 7 Frå venstre: teorirom 2. etasje, teorirom 1. etasje og korridor med grupperom.

3.5 Uteområdet

Uteområdet er samla på nordsida av skulebygget og har eit areal på om lag 10 mål. Ei offentlig gangveg strekk seg langs med elva og kan sjåast som ein naturleg avgrensing av elevanes uteområde. På dagens tomt er det ein volleyballbane og nokre benkar og bord, elles er område graskledd og plant.

I Figur 3 er personinngangar markert med blå pilar og drifts- og vareleveringsinngangar er markert med gule pilar.

For gåande og syklende kan en komme til skulen via gangbrua over elva, gangvegen langs elva frå nordvest eller langs Hafstadvegen.



Figur 3 Kartutsnitt av skulen sitt uteområde.



Bilete 8: 1. Hovudinngang med varelevering kantine, driftsinngang og avfallsstasjon. 2. Tomt sett frå nord-austlege hjørne. 3. Uteområde sett mot aust frå bygg A. 4. Sykkelparkering. 5. Uteområde ved kantine og inngang foajé.

3.6 Oppsummering av arealgjenomgang

3.6.1 Tal på funksjonar og rom

Dei rom og funksjonar som arealgjennomgangen av Hafstad vidaregåande skule har avdekt at skulen har i dag, er summert opp i tabellform under.

Hafstad vgs		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	2 035 m²	
Klasserom	1 635 m ²	22 rom
Grupperom	138 m ²	11 rom
Garderobes og toalett	64 m ²	26 rom
Auditorium	123 m ²	2 rom
Andre generelle arealer (SFO, fellesom, allrom etc.)	76 m ²	4 rom
Netto spesialisert læringsareal	993 m²	
Mat og helse	-	-
Musikk	-	-
Naturfag	439 m ²	8 rom
Kunst og handverk	-	-
Bibliotek	266 m ²	5 rom
Andre spesialareal, kantine	288 m ²	5 rom
Nettoareal personalavdeling	846 m²	
Lærararb.pl.	240 m ²	
Kontor	218 m ²	
Forkontor	15 m ²	
Møterom	59 m ²	
Personalrom	229 m ²	
Personalgarderobes/WC	28 m ²	
Kopi og arkiv	57 m ²	
Anna personalareal	-	

Tabell 2 Registrerte rom og areal i Hafstad vgs.

Det er registrert 22 klasserom i skulebygget, desse har storleik frå 48 m² til 106 m². To av romma er under 60 m², fire er 64 m², resten av romma er alle over 70 m².

Av dei 11 grupperomma i skuleanlegget er 4 i fyrste etasje av bygg B, 3 i fyrste etasje og 3 i andre etasje av bygg C. I andre etasje av bygg B er det eitt grupperom og to opne areal egna for elevsamarbeid.


Skuleanlegget har ikkje elevgarderobar, men toalett er tilgjengeleg i alle elevareal.

Det er i dag berre spesialisert areal for realfag, ikkje for mat og helse, musikk eller kunst og handverk. Skulen har eit stort bibliotek.

Det er samla areal for 40 lærararbeidsplassar (LAP) i romma som i dag nytta til dette. Dei 17 kontora med eit samla areal på 218 m² er i dag nytta av leiinga, elevtenestane, IKT-tenesta og drift. Fire møterom har et samla areal på 59 m². I arealet for personalrom inngår eit kjøken på 6 m² og to opne sonar i andre etasje av bygg B. Skulens to personalgarderobar har eit samla areal på 28 m².

3.6.2 Organisering rom og funksjonar og vurdering av fleksibilitet


Skuleanleggets fire bygg har ei samanhengande indre kommunikasjon. Klasseromma er fordelt i 1. og 2. etasje av bygg C og D. Innandørs felles opphaldsareal for elevane er tilgjengeleg frå alle bygga, men det meldast frå dagens brukarar at foajéen mellom bygg B og C har utfordringar med temperatur. Der kan verta varmt om sommaren og kaldt på haust og vinter.



Figur 4 Funksjonar i 1. etasje Hafstad vidaregåande skule.


Bygg D er i all hovudsak bygd i plass-støypert betong og storleiken på klasserom og realfagsrom er av den årsak vanskeleg å endra. Kontor og møterom i bygg D er for det meste skilt av lettveggar og kan enklare endre funksjon og storleik.

Bygg C er frå 50-talet, men innerveggjar kan til ei viss grad endrast og dei største romma kan endra funksjon om naudsynt. I bibliotekets rom er det i stor utrekning nytta glasveggjar som gjer romma svært fleksible med omsyn til endring.



Figur 5 Funksjonar i 2. etasje Hafstad vidaregåande skule.

Andre etasje har to tydelege fløyer for personalet. I bygg A er det det einekontor og støttefunksjonar medan lærararbeidskontora er samla i bygg B. Begge desse bygga er bygd med søyler og dragarar, noko som til ein viss grad gjer dei fleksible. Struktur og funksjonalitet i andre etasje av bygga C og D er eins med første etasje.



Figur 6 Funksjonar i 3. etasje Hafstad vidaregåande skule.

I tredje etasje er det eitt klasserom. Rommet har eit areal på 55 m², skrått tak og av den grunn mindre ønskjeleg å nyttast som fast klasserom.

4 Forslag til organisering som ungdomsskule

4.1 Forslag til arealprogram

For å gje et anslag på rombehovet for ein 5-parallell ungdomsskule med kapasitet til 450 elevar, nyttar Norconsult ordinær fag- og timefordeling gitt av Utdanningsdirektoratet i rundskriv Uir-1-2021. Skular og skuleeigar står fritt til å fordele timane over dei aktuelle årsstega slik at samla timetal er i samsvar med fag- og timefordelinga. Dette kan gjerast på ulikt vis, og Norconsult har for denne utgreiinga valt å fordele timane slik at alle årssteg har likt tal undervisningstimar pr. veke, har eit eller fleire praktiske-estetiske fag og eit skuleår med 38 undervisningsveker.

Det er sett som føresetnad at romma vert dimensjonert for 30 elevar i naturfag, kunst og handverk, musikk og kroppsøving, og 20 elevar i mat og helse. Med dette som grunnlag vil eit rombehov kunne sjå ut som i Tabell 3. I den praktiske kvardagen må delinga av klassane i mat og helse sjåast opp mot deling i andre fag.

Fag	5 parallell		
	4,5 timer/dag	5,0 timer/dag	6,0 timer/dag
Naturfag	2	2	2
Kunst og håndverk	1	1	1
Musikk	1	1	1
Mat og helse	1	1	1
Kroppsøving	2	2	1

Fag	6 parallell		
	4,5 timer/dag	5,0 timer/dag	6,0 timer/dag
Naturfag	2	2	2
Kunst og håndverk	2	1	1
Musikk	1	1	1
Mat og helse	2	1	1
Kroppsøving	2	2	2

I tabellen er rombehovet synt for tre ulike lengder på undervisningsdagen. Av omsyn til skysstider for elevane vel Norconsult å anbefale at det ikkje nyttast skuledagar på meir enn 5 klokketimar undervisning. For å ta høgde for at det år om anna kan verte 6 parallellar på eit av årsstega er også rombehovet for ein 6-parallell skule teke med. Det er vert å merke seg at det då berre vil vere 1 ledig time i areala for mat og helse. Norconsult vil difor anbefale at det etablerast eit kjøken for 20 elevar, slik at ein i dei åra kan dele dei 6 klassane i 9 grupper med inntil 20 elevar i kvar gruppe. Åra med 5 klassar kan ein dele kvar klasse i 2 grupper.

Tabell 3 - Rombehov for ein 5 parallell ungdomsskule
Rombehov for ein 6 parallell ungdomsskule

Det ligg ikkje føre egne statlege arealkrav for skuleanlegg slik som det eksempelvis gjer for barnehagebygg, men det er gitt føringar frå mellom anna rettleier for miljøretta helsevern i skular og arbeidsplassforskrifta. Vurderingar av kor stort areal som bør settast av per elev, gruppe og tilsett til ulike funksjoner er dermed i stor grad basert på lokalt skjøn og prioriteringar.

Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i skular (Helsedirektoratet 2014) gir retningslinjer for berekning av minimumsareal per elev i høve til klasserom/hovudrom. Norconsult legg desse føringane frå rettleieren til grunn for areala som blir presentert i dette kapittelet. Areal til spesialiserte undervisningsareal og fellesfunksjonar er henta frå Norconsults erfaring med planlegging av skulebygg og kjennskap til andre utbyggjarar (t.d. kommunane Bergen, Trondheim og Stavanger) praksis.

Areal for kontorplassar til administrasjon, lærarar og andre brukarar tek utgangspunkt i arbeidsplassforskriftas anbefaling om 6 m² pr. kontorplass. Tal og storleik på støttefunksjonar som møterom, personalrom, garderobar o.a. har Norconsult berekna på same grunnlag som for spesialisert undervisningsareal nemnt over.

Ein førehandsdefinert arealnørm kan bidra til å redusere behovet for interne arealdrøftingar knytt til arealbehov, arealfunksjonar og arealstorleik. Arealskjemaet under viser et normert arealbehov for en ny ungdomsskule (8-10) dimensjonert 480 elevar.

GENERELT LÆRINGSAREAL:	Sum	Areal pr. elev
GENERELLE LÆRINGSAREAL	1920	4
ELEVGARDEBAR/TOALETT	288	0,6
SFO-BASE		
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:	2208	4,6
SPESIELT LÆRINGSAREAL:	Sum	Areal pr. elev
SKULEKJØKEN	100	0,2
BIBLIOTEK	150	0,3
NATURFAG	200	0,2
MUSIKK	140	0,3
KUNST OG HANDVERK	280	0,6
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL	870	1,6
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON	Sum	Areal pr. elev
ADMINISTRASJON	56	0,1
KONTOR DRIFT OG REINHOLD	20	0,04
LÆRERARBEIDSPASSER M/STØTTEFUNKSJONER	294	0,6
MØTEROM	60	0,1
PERSONALROM	80	0,2
PERSONALGARDEBAR/TOALETT	70	0,1
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL	580	1,2
ANDRE FUNKSJONER:	Sum	Areal pr. elev
KANTINE	135	0,3
HELSE/PPT/LOGOPED	30	0,1
DRIFT OG LAGER	125	0,3
SUM ANDRE FUNKSJONER	290	0,6

Tabell 4 Norconsults tentative arealnorm for ungdomsskule med 480 elever og 16 klassar.

Det er viktig å vere merksam på at når eit eksisterande bygg skal takast i bruk som skule, vil ombygging og tilpassingar gjere det naudsynt å avvike frå norma for å få eit funksjonelt skuleanlegg. Areala for kvar funksjon må difor sjåast på som retningsgivande og ikkje som absolutte krav.

4.2 Førande prinsipp for skuleanlegg

Gjennom *Plan for framtidig bruk av skolane i Sunnfjord kommune* (2020), har Sunnfjord kommune lagt føringar for korleis nye og rehabiliterte skulebygg er ynskja organisert og lagt til rette for variert undervisning. I planen vert det mellom anna vist til krav til skuleeigar når det gjeld utforming av det fysiske miljøet. Krava er nedfelt i § 9 A-7. Det står også at «Alle skulebygg i Sunnfjord kommune skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage».

Teksten under er henta frå over nemnte plan.

Skulebygga skal vere ein god arena for læring og utvikling. Skulen er i stadig utvikling og det kjem nye læreplanar og prinsipp for læring i skulen. Fagfornyinga legg vekt på læring gjennom samarbeid, differensiert læring, djupare læring og varierte undervisningsformer. Det stiller heilt andre krav til utforming av skulebygga, enn den tradisjonelle felles undervisninga i eit klasserom. Teknologien opnar opp for nye undervisningsmetodar, og skulebygga må tilpassast den teknologiske utviklinga.

Overordna prinsipp for skulebygg i Sunnfjord kommune:

- Areala i skulebygg bør vere utforma så fleksibelt at organisasjonsformer, undervisning og arbeidsmåtar lett kan tilpassast nye læreplanar.
- Det bør vere løysingar som gjer det mogleg å dele opp klasserom i større, eller mindre rom.
- Det bør vere møteplassar for elevar i større, eller mindre grupper. Gode fellesareal der elevane kan møtast til gruppearbeid, læring og sosialt samvær.
- Det må vere felles rom og spesialrom med tilgang på læremiddel og utstyr innafør ulike fagområde.
- Det bør vere mogleg med felles samlingar for minimum eit heil trinn.

- Dei arkitektoniske løysingane må inspirere til kreativitet og samarbeid. Dei arkitektoniske vala må bygge opp under eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette.
- Alle elevar funksjonsfrisk og funksjonshemma skal kunne nytte anlegget fullt ut. Skulane må tilretteleggast for elevar med behov for arealkrevjande og teknisk utstyr.
- Skulebygga skal vere framtidsretta med fokus på miljø og berekraft. Val av materiale, oppvarming og utforming må vurderast i eit miljøperspektiv.
- Skulebygga må vere utforma slik at inneklima er godt for elevar og tilsette. Det bør vere mogleg å forflytte seg tørrskodd til alle deler av skulebygget. Det må vere gode fasilitetar for garderobar, oppbevaring og tørking av klede.
- Det bør skapast ein identitet og tilhørslse for ulike alderstrinn på ulike stadar av anlegget, både innandørs og utomhus.
- Skulebygga må ha gode tekniske løysingar, med god tilgang på trådløs datatilgang. Det må vere lett å kople seg opp alle stadar i skulebygget.
- Det må tilretteleggast for lading og bruk av berbare datamaskiner i alle deler av bygget.
- Bygg som skal nyttast etter skuletid, må ha gode løysingar for utleige og låsing.
- Arbeidsmiljølova skal leggast til grunn for utforming av arbeidsplassar, møterom og personalrom.
- Arbeidsroma til tilsette skal stimulere til samarbeid og legge til rette for samarbeid. Samstundes skal det vere gode moglegheiter til å kunne arbeide individuelt.
- Gjeldande reglar, forskrifter, arealnormer og andre krav til bygg skal følgjast

Uteområda skal utformast slik at de blir ein utvida pedagogisk arena. Ulike aktivitetar tilpassa ulike trinn. Skjerma soner og soner for samspel og aktivitet. Uteområda skal legge til rette for at hovudtrinna kan skjermast ved kombinerte skular. Det må vere tilstrekkeleg med overbygg, slik at elevane kan vere ute sjølv om det er mykje nedbør.

Tekst frå kap. 5.5 *Framtidige krav til skulebygg ved rehabilitering og nybygg (Sunnfjord kommune 2020)*.

Dei overordna prinsippa for skulebygg i Sunnfjord kommune vert lagt til grunn for denne utgreiinga om framtidig skulebygg for Førde ungdomsskule.

Vurdering av skuleanlegget Hafstad vidaregåande skule.

Norconsult si vurdering er at det let seg gjere å etablere eit skuleanlegg i tråd med dei fleste av Sunnfjord kommunes førande prinsipp. Den største utfordringa er knytt til fleksibilitet i storleiken på klasseromma. Bygg C og D har ei konstruksjon som gjer det krevjande å endre romstrukturen. Men Norconsult er av den oppfatning at tal på rom og storleiken på romma er slik at det let seg gjere å drive ei fleksibel og innovativ undervisning. Bygget har godt med fellesareal som kantine, møteplassar og grupperom kor elevane kan treffast til faglege og sosiale møter.

5 Alternative tiltak for skuleanlegget Hafstad vgs.

Under følgjer ei vurdering av moglege alternativ for framtidig ungdomsskule i Hafstadvegen 49, der Hafstad vidaregåande skule i dag er lokalisert. Følgjande alternativ vert presentert:


- **Alternativ 1:** Alternativ med minimale tiltak.
- **Alternativ 2:** Optimalisere funksjonalitet og kome i møte overordna prinsippa for skulebygg i Sunnfjord kommune.

5.1 Alternativ 1 – Minimale tiltak.

Med alternativ 1 vert det gjennomført minimale byggmessige tiltak for at skuleanlegget kan takast i bruk som ungdomsskule for 450 elevar. Det tyder at ein i liten grad endrar struktur på rom eller flyttar funksjonar. Norconsult meiner at ein ivareta krava for skuleanlegg ved dette alternativet, men det vil ikkje få same funksjonalitet som eit skulebygg tilrettelagt for større variasjon og elevaktiv undervisning.


Med alternativ 1 vert følgjande byggmessige hovudgrep føreslått:

- Etablere spesialareal for musikk, naturfag, mat og helse og kunst og handverk
- Etablere grupperom
- Etablere rom til elevtenesta




Figur 7 1. etg, alternativ 1

I fyrste plan vert kunst og handverk og musikk etablert i bygg C. Dei to realfagsromma i bygg D endrast til skulekjøken og eit klasserom. Dagens kontor og møterom nyttas som grupperom. Biblioteket i bygg B vert vidareført i eitt av dagens bibliotekrom, dei to andre nyttast som fellesareal.



Figur 8 2. etg, alternativ 1

I bygg D vert nokre av kontora nytta til grupperom og nokre til skulehelsetenesta, elles vidareførast funksjonane som i dag. Kontor til leing, drift og reinhold plasserast i bygg A. Det settast av ein rund sum til UU-tiltak som fjerning av repos i klasseromma, ut over dette er det ingen bygningsmessige endringar på plan to. På tredje plan er det heller ikkje endringar.



Figur 9 3. etg, alternativ 1

Alternativ 1		Arealnorm
	Areal	Areal
Netto generelt læringsareal	1 925 m²	2 208 m²
Klasserom	1 351 m ²	1 920 m ²
Grupperom	192 m ²	
Garderober og toalett	64 m ²	288 m ²
Auditorium	123 m ²	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	195 m ²	-
Netto spesialisert læringsareal	909 m²	870 m²
Mat og helse	133 m ²	100 m ²
Musikk	136 m ²	140 m ²
Naturfag	220 m ²	200 m ²
Kunst og handverk	273 m ²	280 m ²
Bibliotek	147 m ²	150 m ²
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	743 m²	580 m²
Lærararb.pl.	240 m ²	240 m ²
Kontor inkl drift og reinhald	121 m ²	
Forkontor	15 m ²	76 m ²
Møterom	53 m ²	60 m ²
Personalrom	207 m ²	80 m ²
Personalgarderober/WC	28 m ²	70 m ²
Kopi og arkiv	79 m ²	54 m ²
Nettoareal andre funksjonar	547 m²	290 m²
Kantine	288 m ²	135 m ²
Helse/PPT/logopet	43 m ²	30 m ²
Drift og lager	216 m ²	125 m ²

Tabell 5 Samanlikning alternativ 1 mot norma

Det er ikkje sett på areal for tekniske installasjonar i denne samanlikninga.

Tiltak i utearealet er skildra i eige kapittel under.

Dersom skuleanlegget vert nytta som vist i skissene over, vil det vere små avvik målt mot arealnorma. Dei største skilnadene vil vere i areal til garderober for elevane, men dette kan la seg etablere i noko av fellesarealet i fyrste etasje.

Arealet og tal på kontor for leiging, drift og reinhald vil vere over norma, også personalrommet vil vere stort. Det vil mangle noko areal for personalgarderober, og garderober kunne vert betre tilrettelagt for d.t. syklende.

Skulens kantine og areal for lager vil vere godt over det som er satt av til desse funksjonane i norma.

Samla vil det vere 18 klasserom, 15 grupperom og 2 auditorium tilgjengeleg for dei maksimalt 16 klassane. Grupperomma vil vere samla i tre klynger – ein klynge i fyrste etasje bygg D, ein i andre etasje bygg D og ein i andre etasje i bygg C. Sjølv om det samla arealet for desse funksjonane er under norma, vil Norconsult hevde at skulebygget er egna som ungdomsskule.


I alternativ 1 vil personalareala og undervisningsareala vere skild frå kvarandre. Det betyr at det vil vere noko meir utfordrande å ha vaksne fordelt i bygget utan om undervisningstida.

Skulen vil også ha godt med areal til kantine, foajé/fellesareal og lager.

5.2 Alternativ 2 - større bygningsmessige grep

Med alternativ 2 vert følgjande bygmessige hovudgrep føreslått:

- Etablere spesialareal for musikk, naturfag, mat og helse og kunst og handverk
- Trinnorganisere klasseromma og grupperomma
- Etablere rom til elevtenesta
- Etablere elevgarderobar




Figur 10 1.etg, alternativ 2

Med alternativ 2 vert deler av strukturen i bygg C endra slik at ein får 4 klasserom for 30 elevar, 4 grupperom og elevtoalett/garderobar. Det er også satt av areal til opne samarbeidssonar for elevane. Saman med eit teorirom i bygg D vil dette utgjere trinnområde for eitt årssteg. Det settast av ein rund sum til oppgradering av korridor.

Bygg D er føreslått som ein rein spesialromsfløy med nye rom for kunst og handverk og musikk, medan realfagsromma vidareførast som i dag. Nye areal for skulehelsetenesta kan også etablerast her. Reinholdsentralen er føreslått flytta frå bygg C til bygg D.

Tre av romma i bygg B, som i dag er bibliotek, vil bli areal for musikk.



Figur 11 2. etg., alternativ 2

I bygg B vert det lagt til rette for eit kopirom og dagens personalrom vert endra til elevgarderobar, men utan toalett. Elevane må nytte toaletta i bygg D og B. Det kan vurderast å opne opp med dør mot mesanin for å betre tilgangen til elevgarderobane.

I bygg C endrast strukturen slik at det kan etablerast fem klasserom for 30 elevar, grupperom og elevgarderobar/toalett. Det er også satt av areal til opne samarbeidssonar for elevane. Overflater i klasserom blir pussa opp, og det avsettast ein rund sum til oppgradering av korridor.

I bygg D endrast realfagsromma til eit skulekjøken med støttefunksjonar og eit klasserom. Areal som i dag er kontor vert omgjort til grupperom, og ein av toalettsonene endrast til personalgarderobe. For elevane kan to av romma i bygg B fungere som garderobe. Ein kan i så fall vurdere om dette arealet skal få tilkomst også via mesaninen. Dagens opne sone i personaldelen av bygg B kan nyttas som kopirom.

Tredje plan er uendra.

Alternativ 2		Arealnorm
	Areal	Areal
Netto generelt læringsareal	1 974 m²	2 208 m²
Klasserom	1 383 m ²	1 920 m ²
Grupperom	181 m ²	
Garderober og toalett	169 m ²	288 m ²
Auditorium	123 m ²	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	119 m ²	-
Netto spesialisert læringsareal	996 m²	870 m²
Mat og helse	114 m ²	100 m ²
Musikk	233 m ²	140 m ²
Naturfag	201 m ²	200 m ²
Kunst og handverk	301 m ²	280 m ²
Bibliotek	147 m ²	150 m ²
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	703 m²	580 m²
Lærararb.pl.	240 m ²	240 m ²
Kontor inkl drift og reinhald	121 m ²	76 m ²
Forkontor	15 m ²	
Møterom	53 m ²	60 m ²
Personalrom	165 m ²	80 m ²
Personalgarderober/WC	46 m ²	70 m ²
Kopi og arkiv	63 m ²	54 m ²
Nettoareal andre funksjonar	543 m²	290 m²
Kantine	288 m ²	135 m ²
Helse/PPT/logopet	55 m ²	30 m ²
Drift og lager	200 m ²	125 m ²

Dersom skuleanlegget vert nytta som vist i skissene over, vil det vere små avvik målt mot arealnorma. Dei største skilnadene vil vere i areal til garderobar for elevane, men dette kan la seg etablere i noko av fellesarealet i fyrste etasje.

Arealet og tal på kontor for leiing, drift og reinhald vil vere over norma, også personalrommet vil vere stort. Dagens manglande areal for personalgarderobar vert bøta på av at det etablerast nye garderobar i andre etasje.

Skulens kantine og areal for lager vil vere godt over det som er satt av til desse funksjonane i norma.

Samla vil det vere 16 klasserom, 15 grupperom og 2 auditorium tilgjengeleg for dei maksimalt 16 klassane. Grupperomma vil vere samle i tre klynger – ein klynge i fyrste etasje bygg C, ein i andre etasje bygg C og ein i andre etasje i bygg D.

I alternativ 2 vil personalareala og undervisningsareala vere skild frå kvarandre. Det betyr at det vil vere noko meir utfordrande å ha vaksne fordelt i bygget utan om undervisningstida.

Skulen vil også ha godt med areal til kantine, foajé/fellesareal og lager.


Tabell 6 Samanlikning alternativ 2 mot norma

Det er ikkje sett på areal for tekniske installasjonar i denne samanlikninga.

Tiltak i utearealet er skildra i eige kapittel under.

5.3 Skulen sitt uteområde

Eksisterande skuletomt på Hafstad er forholdsvis flat. Uteområdet ligg på nord- og austsida av skulebygget. I nord grenser tomte mot elva Jølstra, i sør mot Hafstadvegen (E39).



Bilete 9: Flyfoto over skuleområdet. Tilgjengeleg uteareal er pr i dag ca. 11.200 m² (etter etablering av ny tilkomstveg). (Foto frå Finn.no)

Tilgjengeleg uteareal på eksisterande skuletomt er ca. 11.200 m² (målt på kart). Overflate/dekke i uteområdet er i alle hovudsak grasplen. Midt på tomte er det eit område med fleire sandvolleyballbanar. Deler av sandvolleyballarealet vil innan kort tid bli omdisponert til trafikkareal når ny tilkomstveg til skulen blir etablert her. Langs skulebyggets fasadar i nord er det satt opp benkar og benkebord.

Frå gangbrua som går over elva, går det ein gangveg langs elva i retning nord-aust. Denne vegen nyttast både av elevar og tilsette ved skulen, og av turgåarar. Det er også tilrettelagte gangstiar mellom bygg A og B, og mellom bygg C og parkeringsplassen.

Utanfor hovudinggangen i bygg A er det oppstillingsplass for sykklar. Nokre av oppstillingsplassane er under tak.



Bilete 10, frå venstre: Benkar utanfor bygg B. I midten: Gangveg inn mot skulen frå nord-aust. Til høgre: Uterom mellom bygg A, B og D.

5.3.1 Uteområde for ungdomsskule U480

Opplæringslova er styrande for skulens oppgåver og innhald. Lova gjev ikkje konkrete anvisningar om storleik og utforming av uteområda, men seier at skuleanlegga skal vere funksjonelle og fungere til føremålet. Kapittel 9A i loven handlar om elevane sitt skulemiljø. I paragraf 9 A-2 heiter det at:

«Alle elever i grunnskolen og videregående skoler har rett til et godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring».

Paragraf 9 A-7 handlar om det fysiske miljøet. Her står det at skulane skal:

«planlegges, bygges, tilrettelegges og drives slik at det blir tatt hensyn til trygghet, helsen, trivselen og læringen til elevene. Det fysiske miljøet i skolen skal være i samsvar med de faglige normene som fagmyndighetene til enhver tid anbefaler.»

I 2014 kom Helsedirektoratet med ein Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i skular. Denne blei utarbeidd i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, Arbeidstilsynet og Forum for miljø og helse. Rettleiaren gjev mellom anna tilrådingar i høve til storleik og kvalitetar i uteområde for skular.

På oppdrag frå Helsedirektoratet kom Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) i 2019 med nye tilrådingar for innhaldskvalitetar og arealstorleik i uteområde for skular og barnehagar. I utgangspunktet er tilrådinga at uteområdet i grunnskulen bør vere minst 30 m² pr. elev, men det vert opna for at skular i bysentrum/ tettbygde strøk kan ha mindre areal pr. elev. Her er tilrådinga minimum 18 m² pr. elev. Samstundes vert det vektlagt at små uteområde må kompenseresast ved å forhøge innhaldskvalitetane.

Skuletomta ligg innanfor området definert som Førde tettstad. Skulebygget og halve skuletomta ligg innanfor sone definert som Førde sentrum, men på grensa utanfor sone for konsentrert og prioritert bustadbygging i sentrum (Jf. Kommuneplan arealdel Førde 2019-2030).

Tilgjengeleg uteareal etter omlegging av innkøyring til skulen blir ca. 11.200 m². Dette gjev 23,3 m² pr. elev, altså mindre enn den generelle tilrådinga, men samstundes meir enn minimum for skular i bysentrum/tettbygde strøk.

Norconsult tilrår at det vert vurdert å redusere talet på parkeringsplassar på skuletomta (Jf. oversiktsbilete over, bilete 9). Dette kan gje ei utviding av uteområdet på ca. 1.500 m², og eit samla tilgjengeleg uteområde på 12.700 m². Med dette tiltaket vert uteområdet 26,4 m² pr. elev. Det leggjast til grunn at parkeringsplass ved klatreparken på andre sida av elva, og/eller i nord-aust ved Hafstadparken kan nyttast av tilsette og besøkande til skulen ved behov.

På andre sida av Jølstra ligg *Parken* og *Klatreparken* i Førde. Dette området ligg lett tilgjengeleg, berre omkring 100 m å gå frå skulebygget. Helsedirektoratet opnar for at tilgang til nærliggande tilleggsareal (maksimum 200 m frå skulen) kan reknast som kompenserande tiltak dersom det ikkje er mogleg å oppfylle arealnorma på skulen sitt eige område.

Norconsult vurderer skuletomta med tilhøyrande tilleggsareal som stor nok for ein ungdomsskule U480, men areal er i seg sjølv ikkje nok til å ha eit tilfredsstillande uteområde. I følgje Helsedirektoratet er variert tilrettelegging og organisering av bruken av areala minst like viktig. Barn og unge i skulen skal oppleve at dei vert stimulerte motorisk, fysisk, sosialt og intellektuelt. Uteområdet skal oppmode barn til å halde seg i aktivitet, å gje dei opplevingar som forsterkar lysten til å utfordre eigne grenser. Uteområdet må innby til varierte aktivitetar som tar omsyn til elevane si alder, funksjons- og dugleiksnivå.

Helsedirektoratet legg til grunn at det tilgjengelege uteområdet må gje elevane moglegheit for følgjande hovudfunksjonar:

- Rom for utøving av allsidig og variert fysisk aktivitet.
- Rom for ulike type aktivitetar som fremjar sosialt miljø og trivnad.
- Rom for å tileigne seg ny kunnskap og utøve verkelegheitsnær læring.

5.3.2 Kostnader knytt til oppgradering av uteområdet

I det vidare arbeidet må uteområdet for ungdomsskulen detaljplanleggjast, der soner og funksjonar sjåast i samanheng og dannar heilskap. I det eksisterande uteområdet er det lite tilrettelagt for ungdomsskuleelevar. Sosiale møteplassar kan gjerne vidareførast, det same gjeld for sandvolleyballbana, men det må reknast med behov for opprusting av mellom anna utstyr og underlag. Utover desse funksjonane må det gjerast tiltak innanfor alle dei tre hovudfunksjonane nemnt over. Det må leggjast meir til rette for utøving av allsidig og variert fysisk aktivitet, det må opprettast fleire soner for rekreasjon og sosialt samvær, og det må leggast betre til rette for verkelegheitsnær læring og undervisning ute.

Kostnader knytt til oppgradering av uteområdet vil i stor grad vere styrt av talet på apparat/installasjonar ein kjøper inn og kva type apparat ein vel. I tillegg til innkjøpspris for apparata må det reknast kostnader knytt til montering og tryggingstiltak som til dømes fallunderlag. Totalprisen kan fort bli det dobbelte innan apparata står klar til bruk, men val av type fallunderlag og kompleksitet knytt til montering vil og spele inn på totalkostnaden.



Bilete 11: Døme frå uteområde ved andre ungdomsskular. 1) Aktivitetsområde og kvilebenkar/sosial sone. 2) Streetbasket med liten tribune i bakkant. 3) Sosial sone under tak, omkransa av ballbinge, streetbasket og sandvolleyballbane. 4) Trampoline og parkour. I bakgrunnen bordtennisbord under tak. 5) Fuglereirhuske, benker og bordtennisbord. (Bilete 1 og 5 er frå Kongsvinger usk. Bilete 2 og 3 frå Åstveit usk. Bilete 4 frå Vågsøy usk. Foto: Norconsult)

Etablering av ballbinge kan vere eit av fleire aktuelle tiltak i uteområdet. Ein ballbinge med omkring same storleik som i dag finns ved FUSK har rettleiande pris på kr. 361.875,- (inkl. mva). Med grunnarbeid og montering vil kostnaden kome på rundt 800.000,- (Prisdøme: <https://www.safeplay.no/kategorier/ballbinger/>).

Andre aktuelle installasjonar som til dømes basketstativ, utebordtennis, fuglereirhuske, leskur har innkjøpspris frå rundt kr 10.000-30.000. Tal på einingar, storleik og type vil påverke pris.

Det er verd å merke seg at skuleeigar har høve til å søke om støtte frå spelemiddelordninga til apparat som kan nyttast til idrettsaktivitetar. Gjennom denne ordninga kan inntil 50% av utgiftene dekkjast inn.

Uteområdet ved Vågsøy ungdomsskule blir ofte trekt frem som eit døme på korleis ein med støtte frå spelemiddelordninga har fått fram eit flott og attraktivt uteområde. I ein omtale på bygg.no uttalar prosjektleiar i Vågsøy kommune (no Kinn kommune) Frode Weltzien at skulen har fått 5 mill. kroner i spelemidlar til uteområdet, medan kommunen har fått ein prislapp på 8 mill.kr. Dette er eit aktivitetsområde med 18 ulike aktivitetssonar. (kjelde: <https://www.bygg.no/vagsoy-ungdomsskole/1340365/>).

I kva grad den endelege planen for uteområdet ved Hafstad kan gjere seg nytte av spelemiddelordninga, vert å kome attende til.

Norconsult legg til grunn at det på skuletomta vert etablert ballbinge, amfi for sosiale samlingar og undervisning ute, basketbane og ulike apparat som nemnt over. Uformelle møteplassar og sosiale sonar bør rustast opp og supplerast. Gangsti rundt skulen bør utvidast slik at den går rundt heile uteområdet.

Det må vurderast om det er naudsynt med sikringstiltak i grenseområdet mot elva.

Det bør leggjast til rette for tilkopling til Wifi i uteområdet. Det bør også vere tilgang straumuttak ved sosiale sonar ute.

Elevane bør få høve til å nytte seg av klatreparken på andre sida av elva, til dømes i storefri og i undervisningssamanheng.

Ut frå overståande vert det lagt til grunn at det innanfor ein totalkostnad på 3,5 mill. kr. vil kunne oppnå ein tilfredsstillande standard på skulens uteområde.

Kostnader oppgradering skulen sitt uteområde	NOK
Innkjøp leike- og aktivitetsapparatar, fallunderlag, benkar og bord	kr 2 100 000,00
Montering og tryggingstiltak (t.d. lyssetjing, gjerde mot elv/veg/kant).	kr 900 000,00
Etablering av fleire gangvegar, nytt dekke i einskilde soner	kr 500 000,00
Sum grovkalkyle:	kr 3 500 000,00

5.4 Berekning av kostnadar skulebygg

Under følgjer ei oversikt over kostnadsberekningar knytt til dei to alternativa for tilpassing av Hafstad vidaregåande skule med uteområde til naudsynt standard for ein ungdomsskuleskule.

Kostnadsoverslaget er bygt på Norsk Prisbok, 1- utgåve 2022. Prisstiging i vår og i sommar, og i byggjetida er ikkje rekna inn. Det er heller ikkje teke med kostnader til møblering og laus innreiing.

5.4.1 Kostnadsberekning alternativ 1

Med alternativ 1 vert det gjennomført minimale byggmessige tiltak for at skuleanlegget kan takast i bruk av 5/6-parallell ungdomsskule med 480 elevar. Dette er tiltak som til dømes sikrar skulen tilgang til naudsynte rom og funksjonar, krav om universell utforming, omsyn til miljøretta helsevern og arbeidsplassforskrifta.

Tabellen under viser grovkalkyle for tiltak alternativ 1.

Kalkyle alternativ 1


Ungdomsskulebygget		Låg kostnad			Middels kostnad			Høg kostnad			Samla kostn. tiltak	
Etasje	Fløy	Kr./kvm	kr	3 000	Kr./kvm	kr	8 000	Kr./kvm	kr	15 500		
		Areal	Kostnad		Areal	Kostnad		Areal	Kostnad			
1. etasje	Fløy C		kr	-	415	kr	3 320 000		kr	-		
	Fløy D	73	kr	219 000	141	kr	1 128 000	115	kr	1 782 500		
			kr	-		kr	-		kr	-		
				kr	-		kr	-		kr	-	
Sum:		73 m ²	kr	219 000	556 m ²	kr	4 448 000	115 m ²	kr	1 782 500	kr	6 449 500
								Areal	Kostnad	Samla kostnad		
Felleskostnadar, NP: 1503								744 m ²	kr 1 500	kr	1 116 000	
UU-tilpasning av klasserom i andre etasje av fløy C									rs	kr	100 000	
Nr. 1-6	Huskostnad										kr	7 665 500
Nr. 7	Utomhusanlegg								rs	kr	3 500 000	
Nr. 8	Generelle kostnadar, NP: 1778							744 m ²	kr 1 500	kr	1 116 000	
Nr. 1-8	SUM Byggjekostnad										kr	12 281 500
Nr. 10	MVA										kr	3 070 375
Nr. 1-10	Basiskostnad										kr	15 351 875
Nr. 11	Venta tillegg. NP std.nivå, 7% av basiskostnad										kr	1 074 631
Nr. 1-11	Prosjektkostnad										kr	16 426 506
Nr. 12	Usikkerheitsavsetting. NP std.nivå, 4% av basiskostnad										kr	614 075
Nr. 1-12	Kostnadsramme alternativ 1										kr	17 040 581

Tabell 7 - Grovkalkyle for alternativ 1. «rs» = rund sum

Figurane under syner grad av tiltak som er lagt til grunn i ulike rom med alternativ 1. Dei ulike sonene som er tenkt utført tiltak i er kransa inn av raude liner.



Figur 12 Tiltaksnivå 1. etg. Hafstad vgs. i alternativ 1



Figur 13 Tiltaksnivå 2. etg. Hafstad vgs. i alternativ 1

5.4.2 Kostnadsberekning alternativ 2

Med alternativ 2 blir det gjort bygningsmessige grep for å optimalisere funksjonalitet og kome dei overordna prinsippa for skulebygg i Sunnfjord kommune meir i møte. Det vert lagt til grunn at alle årssteg skal disponere eit eiga heimeområde der det er tilgang til både klasserom og grupperom.


Tabellen under viser grovkalkyle for tiltak alternativ 2.

Kalkyle alternativ 2


Ungdomsskulebygget		Låg kostnad			Middels kostnad			Høg kostnad			Samla kostn. tiltak			
Etasje	Fløy	Kr./kvm	kr	3 000	Kr./kvm	kr	8 000	Kr./kvm	kr	15 500				
		Areal	Kostnad		Areal	Kostnad		Areal	Kostnad					
1. etasje	Fløy C	315	kr	945 000	435	kr	3 480 000	59	kr	914 500				
	Fløy D		kr	-	771	kr	6 168 000	165	kr	2 557 500				
	Fløy B	80	kr	240 000	119	kr	952 000		kr	-				
Sum:		395 m ²	kr	1 185 000	1 325 m ²	kr	10 600 000	224 m ²	kr	3 472 000	kr	15 257 000		
								Areal	Kostnad	Samla kostnad				
Felleskostnadar, NP: 1503								1 944 m ²	kr 1 500	kr	2 916 000			
Nr. 1-6	Huskostnad										kr	18 173 000		
Nr. 7	Utomhusanlegg										rs	kr	3 500 000	
Nr. 8	Korridorer Bygg C										rs	kr	200 000	
Nr. 8	Generelle kostnadar, NP: 1778										1 944 m ²	kr 1 500	kr	2 916 000
Nr. 1-8	SUM Byggjekostnad										kr	24 589 000		
Nr. 10	MVA										kr	6 147 250		
Nr. 1-10	Basiskostnad										kr	30 736 250		
Nr. 11	Venta tillegg. NP std.nivå, 7% av basiskostnad										kr	2 151 538		
Nr. 1-11	Prosjektkostnad										kr	32 887 788		
Nr. 12	Usikkerheitsavsetting. NP std.nivå, 4% av basiskostnad										kr	1 229 450		
Nr. 1-12	Kostnadsramme alternativ 2										kr	34 117 238		

Figur 14 - Grovkalkyle for alternativ 2. «rs» = rund sum

Figurane under syner grad av tiltak som er lagt til grunn i ulike rom med alternativ 2. Dei ulike sonene som er tenkt ut ført tiltak i er kransa inn av raude liner.



Figur 16 Tiltaksnivå 1. etg. Hafstad vgs. i alternativ 2



Figur 15 Tiltaksnivå 2. etg. Hafstad vgs. i alternativ 2

5.5 Oppsummering

Sunnfjord kommune har vedteke å utgreie flytting av Førde ungdomsskule til noverande Hafstad vidaregåande skule. I denne rapporten har vi vurdert og vist to moglege alternative løysningar for framtidig ungdomsskule dimensjonert for 480 elevar (U480), i dagens bygget til den vidaregåande skulen. Areal- og funksjonsanalysen av skulebygget viser at samla areal i bygget er tilstrekkeleg for ein ungdomsskule. I bygget er de areal for etablering av teorirom, grupperom, fellesfunksjonar og personalfunksjonar. Areal til elevgarderobar er noko mangelfullt, og det må etablerast spesialisert læringsareal og elevteneste.

Vist løysning for dei to alternativa er ganske lik. Skilnaden er at det med alternativ 2 vert etablert ny reinhaldsentral, sett av eit større areal til elevgarderobar og til sosiale soner ved klasseromma. I alternativ 2 er det også tre tydelege soner med klasserom, noko som gjer det mogeleg å samle kvart av årstrinna for seg.

I alternativ 2 vert det mindre gjennomgangstrafikk i sonene med teorirom, spesialromma vert samle og plassert slik at musikk vert knytt mot foajé mellom C og D, og kunst og handverk knytt mot foajé ved kantine og hovudinngang. Med ein slik plassering av spesialromma kan undervisninga vokse ut i fellesareala for å syne fram det arbeide elevane gjer. Anlegget får tre tydelegare trinnareal kor gjennomgangstrafikken vert redusert til dei elevane som har tilhald der. Ei tett plassering av klassene på same årstrinn legg godt til rette for eit utstrekt samarbeidet klassane i mellom. Alternativ to gjev også betre fellesfunksjonar i kvart trinnareal, noko som legg godt til rette for å drive ein variert undervisning.

Det skil ca. 17 mill.kr. i grovkalkylane for dei to alternativa. Dei auka kostnadene knytt seg til ombygging av fly D og meir omfattande tiltak i bygg C. I det vidare arbeidet bør det vurderast om ein oppnår tilstrekkeleg føremon sett opp mot kostnadane knytt til desse tiltaka. Om ein ser isolert på kvart einskild tiltak, vil det og vere mogleg å finne gode og tilfredsstillande løysningar som ligg ein stad mellom dei to alternativa som er lagt til grunn for denne utgreiinga.

Ved å følgje eksisterande byggmessige føringar i større grad vil kostnadane kunne reduserast, men ein vil etter Norconsults vurdering truleg oppnå mindre pedagogisk funksjonalitet. Norconsult tilrår likevel at ulike løysningar vert vurdert.